


ÅRSMELDING 2010



SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØGRE UTDANNING

Publikasjon
01/11



SENTER FOR INTERNASJONALISERING
AV HØGRE UTDANNING



INNHALD

- /03/ Ein partner i internasjoniseringa
- /04/ Årsmelding frå styret
- /06/ Programdrifta
- /08/ Nøkketal
- /10/ Utdanningsløft mot aust
- /12/ Profilering av Noreg som studie- og forskingsland
- /13/ Informasjon og kommunikasjon
- /13/ Kompetansebygging
- /13/ Rådgjeving, utgreiing og service
- /14/ Organisasjon

På www.siu.no finn du mellom anna meir informasjon om SIU og våre medarbeidarar, om program og avtalar og om kven som sit i SIUs styre og i ulike programstyre og -utval.

Utgitt av Senter for internasjonisering av høgre utdanning (SIU)
i april 2011

ANSVARLEG REDAKTØR/ Kristin Solheim

REDAKSJON/ Frøy Myrhol og Runo Isaksen

PRODUKSJON/ Konvoi AS

TRYKK/ Bodoni

FOTO/ David Zadig. SIDE 5/ Ingun A. Mæhlum

OPPLAG/ 500

ISSN/ 1503-2876

SIU-publikasjon 01/11

Ein partner i internasjonaliseringa

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning vil arbeide med å betre eksterne relasjonar for å fremje internasjonalt samarbeid i heile utdanningssektoren.

I handsaminga av St. meld nr. 14 (2008–2009), *Internasjonalisering av utdanning*, gjorde Stortinget òg vedtak om å evaluere SIU si verksemd. NIFU/Technopolis fekk oppdraget og leverte rapporten til Kunnskapsdepartementet i oktober 2010. Evalueringa femnar om åra 2004–2009, det vil seie frå SIU vart eit statleg forvaltingsorgan under KD og fram til i dag. I denne tida har SIU vakse kraftig i arbeidsstokk og portefølje. Organisasjonen er no i ei konsolideringsfase som krev stor merksemd og innsats frå både styre og administrasjon. Evalueringa og den vidfemnande høyringsrunda som følgde, har gjeve mange gode og konstruktive bidrag. Desse bidraga skal vi bruke til å ta ein gjennomgang av den interne organiseringa av SIU og av samarbeidet med utdanningssektoren, andre samarbeidspartnarar og oppdragsgjevarar.

Om lag 90 prosent av arbeidet til SIU er knytta til å vere eit nasjonalt programkontor med ansvar for å administrere program og andre oppdrag frå oppdragsgjevarar som Europakommisjonen, Nordisk ministerråd, Utanriksdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Norad og andre. Difor er det hyggeleg at evalueringa slår fast at SIU gjer denne jobben særst godt. Utfordringane ligg på strategisk nivå, og i ei utdjuping av SIU si rolle som kompetansesenter for heile utdanningssektoren, og i ei rolle- og arbeidsavklaring med andre aktørar.

I 2010 fekk SIU ansvar for internasjonalisering òg i grunn- og vidaregåande opplæring. SIU har allereie gjort naudsynte kartleggingar, etablert nettverk og utarbeida handbok for skulane. SIU arbeider no med å lage rettleiingsmateriale, og å utvide dialogen med skuleeigarar for å lage best mogleg strategi for internasjonalisering for desse utdanningsnivåa.

Evalueringa og oppfølginga har kravd stor merksemd i heile organisasjonen i 2010, og gjev òg føringar for prioriteringane i 2011. For det fyrste vil SIU fokusere på eksterne relasjonar for å fremje internasjonalt samarbeid i heile utdanningssektoren. Det trengst ei avklaring av kva rolle SIU skal ha i høve til utdanningsinstitusjonar, departement, organisasjonar og institutt. Ei av dei viktigaste overordna prioriteringane har vore koplinga mellom høgre utdanning og forskning i internasjonaliseringa. Dette vil stå sentralt òg i 2011. For det andre vil SIU se på moglegheiter for enklare styringsstrukturar.

Dette gjeld særleg i høve til komiteer, fagråd og ekspertgrupper som er knytta til administrasjonen. For det tredje vil SIU sjå på korleis profileringa av Noreg som studie- og forskingsland kan verte betre organisert. Også her er tydelegare rolleavklaring naudsynt. For det fjerde treng vi å avklare og vidareutvikle SIU si rolle som kompetansesenter for sektoren. Det er ingen tvil om at 2011 vert eit viktig og spanande år for SIU.



ALF RASMUSSEN
DIREKTØR

Årsmelding frå styret

Nitti prosent av verksemda til SIU er knytta til programadministrasjon og utvikling. Difor er det gledeleg at Kunnskapsdepartementet si evaluering slår fast at SIU «ivaretar sitt ansvar som nasjonal programadministrator på en svært god måte».

I 2010 vart SIU evaluert av NIFU/Technopolis på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Forutan å slå fast at SIU gjer ein god jobb som programadministrator, viser evalueringa at interne omorganiseringar har medverka til ei meir profesjonell drift av programma. Evalueringa har òg funne at brukarane jamt over er særns nøgde med kvaliteten på dei tenestene som SIU tilbyr, mellom anna kompetanse, service og informasjon. Evalueringa peiker på at SIU si rolle som nasjonalt kompetansesenter er uklår, og ho gjev ei rekkje framlegg til forbetringar av eksterne relasjonar, leiging, kompetanseutvikling og styringsstruktur.

SIU-styret kjem til å delta aktivt i oppfølginga av evalueringa. Å betre samarbeidet med institusjonane innafor høgere utdanning, er ei prioritert oppgåve for SIU sitt styre og administrasjon i 2011. Å få til ei betre kopling mellom utdanning og forskning er like eins ei viktig prioritering framover.

SIU har i 2010, på oppdrag frå KD, utvikla rolla som kompetanse- og servicesenter for skular og skulemyndigheiter. Styret ser det som ei viktig vidareutvikling av SIU at organisasjonen frå 2011 vert kompetansesenter for alle nivåa i utdanningssystemet.

KD ba det sitjande styret om å ta eit års prolongasjon i påvente av KD si evaluering. Styret aksepterte og sit difor fram til juni 2011.

Direktør for SIU, Arne Liljedal Lynngård, sa i august 2010 opp etter eitt år i stillinga. SIU-styret konstituerte Alf Rasmussen i stillinga, og han vart tilsett som direktør for SIU i januar 2011, for ein periode på seks år.

Styret har i perioden hatt seks styremøte og har gjennom året vore i tett dialog med administrasjonen til SIU.

Programforvaltning

Dei fleste programma som Seksjon for nordisk og europeisk samarbeid forvaltar, har hatt nye løyvingar i 2010. Programma innan europeisk samarbeid lyste ut midlar i oktober 2009 med søknadsfrist i februar og mars 2010. Nordplus-programma lyste ut midlar i februar 2010 med søknadsfrist i mars. Alle desse programma er etter kvart godt innarbeidde og har stabil søking.

Den største utfordringa knyter seg til Grundtvig-programmet (vaksnes læring), der søkjartala har falle dei siste åra. For å snu denne trenden set SIU i verk fleire tiltak for å nå vaksenopplæringssektoren meir systematisk og målretta.

Det er framleis eit stort potensial for å auke studentmobiliteten i Erasmus, men det er gledeleg at fleire tilsette nyttar seg av utvekslings- og hospiteringsordningane som finst. Det er òg aukande interesse for intensivprogramma i Erasmus. Styret er særns nøgde med at søkjartala til Leonardo da Vinci-programmet fortset å auke; her haustar me fruktene av systematisk arbeid med fag- og yrkesopplæringa sidan SIU tok over programmet i 2007.

For samarbeidsprogramma retta mot land i Sør har oppfølginga av evalueringa av NUFU og NOMA vore særleg aktuelt i 2010. Norad har hatt omfattande konsultasjonar med fleire aktørar og interessentar og er i ferd med å utarbeide eit nytt program som skal erstatte NUFU og NOMA.

Samarbeid i nordområda har høg prioritet på den nasjonale agendaen. I 2010 vart det mellom anna løyvd nye plassar under stipendprogrammet for studier i nordområda. Samarbeidsprogrammet med Russland 2007–2010 vart avslutta med ein eigen sesjon på Noregs forskingsråd sin nordområdekonferanse i november. SIU-styret konstaterer med glede at utdanningssamarbeid med Russland framleis er ei viktig prioritering, og ser fram til at SIU i samarbeid med Utanriksdepartementet utviklar eit nytt samarbeidsprogram for perioden 2011–2016. Det er òg særns positivt at eit nytt samarbeidsprogram med Eurasia vart lansert i 2010, og som SIU administrerer på vegner av Utanriksdepartementet.

Profilering av Noreg som studie- og forskingsland

SIU skal skape eit godt omdømme for norsk utdanning og forskning, og slik bidra til at norske institusjonar vert attraktive samarbeidspartnarar internasjonalt.

Styret merkar seg at talet på utanlandske studentar i Noreg held fram med å auke generelt, men òg at talet på studentar frå prioriterte land aukar. Det er metodisk utfordrande å måle samanhengen mellom profileringstiltak og mobilitet, men den auka trafikken på nettportalen Studyinnorway er eit teikn på at informasjonen når målgruppa.

Evalueringa av SIU og den etterfølgande høyringsrunden viser eit behov for rolleavklaring mellom SIU, UH-institusjonane og Noregs forskingsråd. Denne rolleavklaringa vil styret medverke til i 2011.

Informasjon og kommunikasjon

SIU sin viktigaste kommunikasjonskanal er internett, og siu.no stod fram i ny drakt i 2010. Dei nye nettsidene er betre tilpassa målgruppene og det har vorte enklare for brukarane å finne fram til relevant informasjon.



SIU SITT STYRE/ Bak frå venstre: Reidun Larsen (varamedlem, representerer NPH), Alf Rasmussen (direktør i SIU), Eirin Moe (styresekretær i SIU), Arne Haugen (medlem, representerer SIU-tilsette). Framme frå venstre: Arild Engelsen Ruud (nestleiar, representerer UHR), Sandra Qian Xiao (medlem, utnemnt av KD), Ørjan Arntzen (medlem, representerer NSO), Sonni Olsen (styreleiar, representerer UHR), Yngvild Wasteson (medlem, representerer UHR).

Rådgeving og utgreiing

SIU har som mål å gje nasjonale styresmakter gode grunnlag for avgjerder og politikktutforming, og å vere ein bidragsytar i institusjonane sitt arbeid med internasjonalisering. Frå 2010 femnar dette òg om grunnutdanninga, og er retta både mot skuleeigarar og skuleleing.

SIU har levert ei rekkje innspel og fråsegner i 2010, tinga av Kunnskapsdepartementet og på eige initiativ. Den årlege analysen av internasjonalisering i høgre utdanning gjev eit bilete av internasjonaliseringarbeidet ved institusjonane sjølve. Mobilitetsrapporten vart utgjeven for fjerde gong i 2010. Denne rapporten, som inneheld oppdatert statistikk og analysar, er eit særst viktig bidrag til forståinga av internasjonalisering i utdanninga. I høve til det nye mandatet overfor grunn- og vidaregåande opplæring, har SIU mellom anna gjort ei viktig kartlegging av strategiar for internasjonalisering i den vidaregåande skulen, og om særlege utfordringar for denne delen av sektoren. Det er gjort eit grunnlagsarbeid for fleire analyser som skal verte publisert i 2011.

Det har òg vore lagt ned mykje arbeid i rådgeving knytt til utvikling eller revisjon av program og ordningar.

Organisasjon

SIU sin administrasjon har dei siste åra jobba målretta med å utvikle eit heilskapeleg kvalitetssystem og innarbeide gode kvalitetsrutinar.

Medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført våren 2010 viste framleis gode resultat for SIU som heilskap, men med noko svakare resultat enn året før. For å sikre ei god oppfølging, inkludert kompetansetiltak, innførte SIU eit nytt system for medarbeidersamtaler frå mai 2010. Organisasjonsendringa som vart gjennomført i 2009, vart evaluert i 2010. Denne evalueringa, saman med den eksterne evalueringa av SIU, vil danne grunnlag for ein ny gjennomgang av organisasjonen for å sikre ein mest formålstenleg struktur og ytterlegare profesjonalisering av administrative system og rutinar slik at SIU er best mogleg rusta for oppgåvene som senteret skal utføre i tida framover.

SONNI OLSEN
STYRELEIAR

I 2009 etablerte SIU ein eigen portal for å gje studentar som vurderer å studere utanlands god informasjon og inspirasjon til å reise ut. Bruken av nettstaden Studeritlandet.no aukar langsamt, og ser ut til å vere eit godt tilskot til siu.no.

Styret tykkjer det er gledeleg å konstatere at SIU sine publikasjonar vert godt tatt imot, noko evalueringane av Global Knowledge og Europavegen viste i 2010.

Kompetansebygging for å fremje internasjonalt samarbeid i sektoren

SIU har ei viktig oppgåve med å byggje kompetanse om internasjonalisering. I 2010 har internasjonalisering i grunnutdanninga hatt høg prioritet.

SIU har i 2010 arrangert og vore med på fleire konferansar og seminar, mellom anna mobilitetsseminaret knytt til lanseringa av SIU sin eigen mobilitetsrapport. Fleire av SIU sine medarbeidarar har halde innlegg og foredrag på seminar og konferansar i regi av institusjonar i sektoren, i Noreg og utanlands.

SIU tek del i ei rekkje eksterne utval og fora, både kortvarige og meir permanente, og er i ferd med å utvikle samarbeid med fleire utanlandske organisasjonar, både i og utanfor Europa.



Programdrifta

Seksjon for nordisk og europeisk samarbeid

Comenius

I 2010 tok SIU imot 146 søknader om deltaking i partnerskap, og 94 fekk støtte, tilsvarande 64 prosent. Støtta fordeler seg på 84 multilaterale og ti bilaterale partnerskap. I 2010 var det fyrste utlysning på det nye tiltaket elevmobilitet: Tre norske skular sendte ut ti elever i tre månader. Comenius-prisen 2010 gjekk til Askim vidaregåande skule, som har hatt internasjonalt arbeid sidan 1980-talet, og som er norsk koordinator for det europeiske ELOS-nettverket.

Erasmus

1356 studentar drog på Erasmus-opphald i studieåret 2009–2010, ein liten nedgang frå rekordåret 2008–2009. Av desse drog 91 på praksisopphald og 1265 på studieopphald. Talet på tilsette på Erasmus-opphald auka bra. Lærarmobiliteten auka frå 323 i 2008–2009 til 364 i 2009–2010, medan 197 tilsette reiste ut i Europa på studie- eller hospiteringsopphald, ein auke på 43 frå året før. I 2010 vart åtte prosjekt innafor Erasmus intensive program (IP) godkjende for støtte.

Erasmus Mundus

Det kom inn totalt 27 søknader til integrerte master- og ph.d.-program (Aksjon 1). Med 14 søknader om masterprogram og 13 søknader om ph.d.-program, er det p.hd.-prosjekta som står for den største aukinga. Norske institusjonar deltar no i til saman 19 Erasmus Mundus-prosjekt.

Europass

Europass skal bidra til at kvalifikasjonane, kunnskapane og ferdighetene dine vert betre forstått i Europa. I 2010 har SIU informert om Europass på fire regionale informasjonsmøte og fleire andre relevante seminar. SIU arrangerte for andre året på rad eit nasjonalt seminar saman med ANSA, Eures, Euroguidance og Eurodesk: «Jobb og utdanning i Europa: verktøykasse for rådgivere».

Den europeiske språkprisen

Den europeiske språkprisen European Language Label vert kvart år delt ut til nyskapande prosjekt som har fremja læring av språk. I 2010 gjekk prisen til Det flerspråklige bibliotek for prosjektet «Mitt språk – ditt språk», kor dei tilsette i biblioteket går nye vegar for å ta vare på det språklege mangfaldet i Noreg.

Frankrike-programmet

Årskurs for lærarar og lærarstudentar ved OFNEC i Caen fekk 24 søknader i 2010, ein gledeleg auke frå året før. Til intensivkurset i fransk språk kom det 15 søknader. Til gradsstudia ved INSA og UT1 i Toulouse er det stadig ei utfordring å få nok norske søkjarar. I 2010 var det ein gledeleg auke i søkjarar til økonomistudia. Også ingeniørstudia hadde mange søkjarar, men her var det stort fråfall.

Gjør det!

Gjør det!-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeid innan fag- og yrkesretta opplæring, fremje mobilitet over landegrensene og styrkje partnerskap mellom bedrifter og opplæringsorganisasjonar i Tyskland og Noreg. Programmet har gode og jevne deltakartal. I 2009 kom det inn totalt 25 søknader, og 17 vart støtta.

Grundtvig

Grundtvig-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeidet innan vaksnes læring. SIU mottok 24 søknader om toårige partnerskap i 2010. Totalt vart 16 partnerskap godkjende, mot 21 i 2009.

Leonardo da Vinci

Partnerskap legg til rette for fagsamarbeid i Europa. 2010 var tredje året med denne aktiviteten i Leonardo-programmet, og utviklinga er god. I 2008 kom det 26 søknader, i 2009 kom det 38, og i 2010 kom det 45. 20 av desse vart godkjende.

Vidareutviklingsprosjekt skal bidra til å spreie ny metodikk, faginnhald eller bruk av teknologi i fag- og yrkesopplæringa. I 2010 kom det inn ni søknader og fem prosjekt fekk støtte. Dette er om lag som tidlegare år.

Mobilitetsprosjekt er retta mot individuell mobilitet, målet er å auke fagleg kompetanse. I 2010 kom det inn 92 søknader og 75 prosjekt vart tildelt midlar. Desse 75 prosjekta involverer heile 2686 personer, ein stor auke frå tidlegare år.

Nordplus

SIU er hovudkoordinator for Nordplus Rammeprogram, ansvarleg for nettstaden www.nordplusonline.org, hovudadministrator for Nordplus Horizontal og medadministrator for dei andre Nordplus-programma, noko som inneber deltaking i søknadshandsaming og ansvar for informasjon og rettleiing til søkjarar i Noreg.

I 2010 vart det totalt levert 602 søknader til alle Nordplus-programma, ein liten auke frå 2009. Fordelinga på dei ulike delprogramma er forholdsvis stabil. 459 søknader vart innvilga, 72 av dei har norsk koordinator. Norske institusjonar deltek i til saman 278 prosjekt, tilsvarande 61 prosent.

Pestalozzi

Dette er ei ordning i regi av Europarådet som gjev lærarar og andre tilsette i skulen tilbod om å delta på kurs i Europa. I 2010 mottok SIU elleve søknader frå norske lærarar.

Studiebesøksprogrammet

Noreg har 36 stipend å dele ut gjennom Studiebesøksprogrammet. I 2010 mottok SIU 54 søknader, ein oppgang på 12 søknader frå året før. Noreg arrangerer kvart år kurs i regi av programmet, og tre søknader til studieåret 2010–2011 fekk støtte.

Seksjon for globalt samarbeid

Eurasia

Ein ny femårig avtale er inngått med Utanriksdepartementet for perioden 2010–2015. Avtalen dekkjer samarbeid innan høgere utdanning med Sentral-Asia, Sør-Kaukasus, Ukraina, Moldova og Kviterussland og omfattar både prosjektsamarbeid og eit stipendprogram. Total ramme er 95 millionar kroner. Ved utlysinga i 2010 kom det inn ti søknader om fleirårige prosjekt, og seks vart tildelt støtte. To institusjonar har fått støtte til forprosjekt for å utgreie moglege samarbeid.

Vkoteordninga

Norske universitet og høgskular vart i 2010 invitert til å søkje om å disponere i alt 1100 plasser for studentar frå utviklingsland (800) og frå land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og Sentral-Asia (300) for tre studieår i perioden 2011–2014. 43 universitet og høgskular (stat-

lege og private) søkte og fekk tildelt plassar. Samla var oversøkinga på om lag 60 prosent for kvart studieår. Tildelinga vart gjort av SIU-styret på grunnlag av kriterium frå Kunnskapsdepartementet.

Nasjonalt program for utvikling, forskning og utdanning (NUFU)

NUFU har i 2010 støtta 69 femårige samarbeidsprosjekt fordelt på 35 institusjonar og 18 land. I alt 12 norske institusjonar er involvert. I 2010 vart det inngått ein tilleggsavtale mellom den norske ambassaden i Khartoum og SIU om finansiering av ein ny bibliotekbygning ved University of Juba i Sør-Sudan. Det norske generalkonsulatet i Juba og SIU arrangerte i mars 2010, i samarbeid med University of Juba, ei vellukka markering av universitetssamarbeid mellom Sudan og Noreg. Det vart i 2010 gjort ein gjennomgang av «The Tanzania-Norway NUFU Programme», som finansierer fire prosjekt innan feltet naturressursforvaltning. SIU publiserte i 2010 ein studie om 'gender mainstreaming' i NUFU-programmet.

Norads kulturutdanningsprogram

I 2010 vart det gitt støtte til sju prosjekt i Norads kulturutdanningsprogram. Prosjekta er ført vidare frå førre programperiode. Det vart òg tildelt støtte til eit nettverksprosjekt som involverer tre institusjonar i Sør og tre i Noreg. I desember 2010 arrangerte SIU og programstyret eit formidlingsseminar for deltakande institusjonar, Norad og UD.

Norads program for masterstudier (NOMA)

NOMA har i 2010 ein total portefølje på 44 prosjekt, fordelt på 28 institusjonar i 18 forskjellige land. 13 norske institusjonar deltar i programmet. I 2010 vart prosjektperioden for i alt 27 prosjekt forlenga med studentoptak til utgangen av 2013. I 2010 vart det òg lyst ut ekstra midlar for pågåande prosjekt med det formål å auke talet på kvinner i programmet. I 2009 var 38 prosent av NOMA-studentane kvinner, ein auke frå tidlegare år, men målsettinga er 50 prosent kvinneleg deltaking. Prosjekta kan søkje om midlar for tiltak som rekruttering, tilrettelegging for å behalde kvinnelege studentar samt betring av arbeidsforhold for kvinner som deltar i programmet.

Nordisk-russisk samarbeid

Forhandlingane mellom Nordisk Ministerråd og russiske utdanningsstyresmakter om ein samarbeidsavtale innan utdanning og forskning heldt fram i 2010. SIU deltok i januar 2010 i ein workshop i Moskva saman med Nordisk Ministerråd og Russlands utdannings- og forskingsdepartement for å konkretisere samarbeidet. I påvente av at avtalen vert underskriven, vart det i samarbeid mellom SIU og dei andre nordiske administrasjonskontora for Nordplus tildelt støtte til 28 førebunde nordisk-russiske samarbeidsprosjekt i februar 2010. Mange av desse prosjekta har planar om å halde fram samarbeidet under det nye felles nordisk-russiske programmet.

Nordområdestipend

Universitet og høgskular i dei tre nordlegaste fylka i Noreg, samt Universitetssenteret på Svalbard, kan søke SIU om å disponere plassar i programmet etter avtale med Utanriksdepartementet. I 2010 fikk alle relevante institusjonar tildelt stipendplassar for den nye programperioden, 2010–2013.

Norgeskunnskap ved høgere læresteder i utlandet

Om lag 140 lærestader over heile verda tilbyr undervisning i norske emne og får ulike tilskot til arbeidet gjennom ordninga. Ordninga omfatta i 2010 stønad til 19 utanlandslektorat, utdeling av 45 stipend innan semesterstipendordninga, i tillegg til ei rekkje tilskot

til undervisning og arrangement ved utanlandske lærestader med norskundervisning.

Samarbeidsavtale med Pakistan

Avtalen mellom Higher Education Commission i Pakistan og SIU vart revidert i juni 2010. Ved utgangen av fjoråret var dei fleste studentane som er finansiert gjennom HEC-stipend i gang med ph.d.-studiar. Til saman har 17 studentar fullført mastergrad under avtalen. Av dei som har tatt mastergrad i Noreg, har åtte gått vidare på ph.d.-program. Åtte norske institusjonar tilbyr ph.d.-studiar for til saman 35 pakistanske studentar og dei fleste av desse vil truleg fullføre graden i løpet av 2012.

Samarbeidsprogrammet med Russland

Russlandsprogrammet (2007–2010) er eitt av to program SIU har administrert i fellesskap med Noregs forskingsråd. Sju utdanningsprosjekt og åtte forskingsprosjekt har fått støtte. Eit avslutningsseminar vart organisert som ein del av Noregs forskingsråd sin nordområdekongress i Tromsø i november 2010.

Samarbeidsprogrammet med Vest-Balkan

Vest-Balkanprogrammet (2006–2009) er det andre av to program SIU har administrert saman med Noregs forskingsråd. Avtaleperioden gikk ut i 2009 og prosjekta vart avslutta i løpet av våren 2010. SIU leverte endeleg rapport og rekneskap til Utanriksdepartementet i slutten av desember 2010. Noregs forskingsråd og SIU organiserte avslutningskongress for programmet i Sarajevo i mars 2010. Arrangementet var vellukka og mange prosjekt presenterte resultat og faglege nettverk som held fram med samarbeid etter at programmet formelt er over.

Tanzania-avtalene

Avtalen mellom SIU og Norad om administrasjon av støtte til University of Dar es Salaam (UDSM) for Programme for Institutional Transformation, Research and Outreach (PITRO III) gjeld fram til 30. juni 2012. Institusjonelt samarbeid mellom UDSM og UiO står sentralt i dette programmet. I juni 2010 vart det tildelt midlar til seks felles forskingsprosjekt. Avtalen mellom den norske ambassaden i Dar es Salaam og SIU er førebels forlenga fram til april 2011 i påvente av sluttgjennomgangen av forvaltningsavtalen for perioden 2006–2010.

Utdanningsamarbeid med Nord-Amerika

Dei tolv prosjekta i Partnerskapsprogrammet mellom Noreg og Nord-Amerika gjennomførte i 2010 ei rekke aktiviteter, mellom anna felles undervisning, feltkurs, sommarskular og studentstipend. SIU tildelte i 2010 også prosjektmidlar for samarbeid med Nord-Amerika. Midlane vart utlyst som støtte til prosjekt med målsetting om å etablere nye samarbeid eller styrkje eksisterande samarbeid. Det kom i alt inn 60 søknader, og 18 prosjekt fekk tildelt prosjektmidlar på til saman 1,8 millionar kroner.

Evaluering av NUFU- og NOMA-programma

Norad presenterte i januar 2010 sluttrapporten frå evalueringa av NUFU- og NOMA-programma. Hovudkonklusjonane i rapporten er at NOMA- og NUFU-programma har gitt viktige bidrag til kapasitetsbygging, både i Sør og til dels også i Noreg. Rapporten peikar også på ein del aspekt ved programma som bør endrast, mellom anna vert det foreslått at dei to programma vert slått saman. Norad har jobba med utviklinga av eit nytt program i andre halvdel av 2010.




Nøkkeltal 2010*

i 1 000 nok

Driftsinntekter	76 520
Driftskostnader	75 265
Ordinært driftsresultat	255
Netto finansinntekt/-kostnad	-1
Resultat av ordinære aktiviteter	254

*) Førebels tal. Endeleg rekneskap ligg føre innan 15. juli 2011.

Inntekter og kostnader 2008–2010 (i mill. kr)



Resultat av ordinære aktiviteter for 2010	254
Resultat overført frå 2009	505
Disponert til Erasmus Link i 2010	-220
Til disposisjon pr 31.12.2010	539

Inntekter utover løyvingar utover kap. 281 post 51 og oppdragsverksemd gjev ikkje resultatteffekt.

Resultat er disponert:

Kr 539 353 vert i sin heilskap overført til ordinær drift i 2011.

Utdrag frå styret sine kommentarar


SIU sitt resultatrekneskap er lagt fram i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane. SIU er nettobudsjettert og har unntak frå bruttoprinsippet og kontantprinsippet.

Overskotet av den ordinære aktiviteten har auka med kr 88 000 frå 2009. Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet på kap. 281 post 51 er brukt til dei formåla som er bestemt i SIU sine vedtekter, strategi og løyvingbrev for 2010. Tilskotsmidlar for 2010 kjem på ca 6,6 millionar meir enn i fjor.

Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet i 2010


- 41,299 mill. kr til drifta av SIU.
- 8,75 mill. kr til Nord-Amerika-strategien.
- 1,5 mill. kr til oppfølging av samarbeidet med Latin-Amerika. Vert overført til 2011.
- 7,5 mill. kr til nasjonale ekspertar.
- 2,25 mill. kr til internasjonalisering av utdanning.
- 0,8 mill. kr til samarbeid med Kina 2010. Vert overført til 2011.
- 0,35 mill. kr til felles mastergradsprogram med Frankrike. Vert overført til 2011.
- 1,175 mill. kr til oppfølging av tiltak i St.meld. nr. 14 om Internasjonalisering av utdanning. Vert overført til 2011.
- 0,3 mill. kr til seminar om institusjonssamarbeid med Russland. Vert overført til 2011.

Tilskotsfordeling 2010 ved SIU (i mill. kr)



Balanse pr.: 31.12.2010

EIGENDELAR	31.12.10	31.12.09
A. Anleggsmidlar		
I Varige driftsmidlar		
Lausøyre, inventar, verktøy og liknande	2091	2320
Sum varige driftsmidlar	2091	2320
Sum anleggsmidlar	2091	2320
B. Omløpsmidlar		
II Fordringar		
Kundefordringar	495	1 888
Andre fordringar	2 123	-17 419
Sum fordringar	2 617	-15 531
III Kasse og bank		
Bankinnskot	51 344	47 829
Andre bankinnskot	43 940	0
Sum kasse og bank	95 284	47 829
Sum omløpsmidlar	97 901	32 298
Sum eigendelar	99 992	34 618
VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD	31.12.10	31.12.09
C. Verksemdskapital		
Sum verksemdskapital	0	0
D. Gjeld		
I Avsetning for langsiktige forpliktingar		
Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmidlar	2 098	2 320
Andre avsetningar for forplikting	5 711	900
I Sum avsetning for langsiktige forpliktingar	7 809	3 220
II Sum anna langsiktig gjeld	0	0
III Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	6 420	8 467
Skuldig skattetrekk	1 762	1 398
Skuldige offentlege avgifter	1 542	1 889
Avsette feriepengar	3 614	3 247
Forskotsbetalt, ikkje optente inntekter	76 509	14 838
Anna kortsiktig gjeld	1 577	1 055
Sum kortsiktig gjeld	91 424	30 893
IV Avrekning med statskassa		
Avsetning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjettert)	759	505
Sum avrekningar	759	505
Sum gjeld	99 992	34 618
Sum verksemdskapital og gjeld	99 992	34 618



Utdanningsløft mot aust

Samarbeidsprogrammet med Russland vart avslutta i 2010, men først vidare med nokre endringar fram til 2015. Programmet er ikkje lenger avgrensa til Nordvest-Russland, men blir landsdekkjande for Russland og Noreg. Med fleire midlar får utdanningssamarbeid eit nytt løft.

I den førre programperioden (2007–2010) var dei samla midlane til utdannings- og forskningsprosjekt tolv millionar årleg. No er det satt av åtte millionar årleg til berre utdanningsprosjekt fram til 2015.

Russlandsprogrammet vart starta på 1990-talet, og har vorte ein del av regjeringa si nordområdesatsing. I over 15 år administrerte SIU og Noregs forskingsråd programma for utdannings- og forskingssamarbeid saman. I den første fasen var utdanningssamarbeidet mellom Noreg og Russland lite utvikla, men har vokst i omfang i dei seinare åra. No vert det oppretta eit eige program for høgere utdanning som SIU har ansvar for, medan Noregs forskingsråd vil støtte forskning relatert til Russland.

– Forholdet til Russland har endra seg i dei seinere åra, og vi ser auka interesse frå norske utdanningsinstitusjonar. Koplinga mellom utdanning og forskning vil framleis ha høg prioritet, men vi vil no organisere dette annleis enn før, seier seniorrådgivar Arne Haugen ved SIU.

«Det nye Russlandsprogrammet kan opne for fleire mindre aktørar på norsk side»

Lite mobilitet til Russland

I dag er det stor mobilitet av studantar frå Russland til Noreg, men mykje færre norske studantar reiser andre vegen. Språk og godkjenning av studium har vore to sentrale utfordringar. Det er eit mål at Russlandsprogrammet skal gjere det lettare for norske studantar å krysse grensa for å ta delar av utdanninga i nabolandet.

– Løysinga er å få til godt tilrettelagte og gjennomarbeida ordningar med felles undervisningstilbod i Noreg og Russland. Med meir midlar til utdanningssamarbeid kan det nye Russlandsprogrammet opne for fleire mindre aktørar på norsk side, seier Haugen.

Velfungerande nettverk

Høgskuledirektør Olav Refsdal på Høgskolen i Vestfold har vore leiar for programstyret i to periodar, og fram til 2010. Han understrekar at prosjekta har vore nyttige for å lære om russisk kultur og utdanningsopplegg, og for å byggje velfungerande akademiske nettverk mellom Noreg og Russland.

– Ein ser tydeleg at dei norske og russiske fag- og studentmiljøa har etablert kunnskapar om kvarandre og om felles faglege utfordringar. Prosjekta har og hatt ein meirverdi for gjensidig forståing mellom Russland og Noreg. Det er difor flott at Samarbeidsprogrammet for Russland no vert ført vidare, seier Refsdal.

Russlandsseminar

For SIU betyr det nye Russlandsprogrammet gode høve til å vidareutvikle kompetanse og aktivitetar.

– Med tanke på at SIU skal vere ein ressurs for utdanningssektoren, er det viktig å føre vidare kompetansen om Russland, som vi har utvikla sidan midten av 90-talet, seier Haugen.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet arrangerer SIU eit Russlandsseminar i løpet av våren 2011, der dei norske utdanningsinstitusjonane skal styrkje føresetnadene sine for russisk samarbeid.



Eit unikt språkprogram

Universitetet i Oslo har skapt eit unikt verktøy for omsetjing av russiske og norske tekstar.

– Omsetjingsmiljøet har ønska noko slikt i mange år, seier forskar Atle Grønn.

– Språkkorpuset inneheld omsett originallitteratur på russisk, norsk og engelsk. Studentane kan søkje etter ord eller grammatiske kategoriar og til dømes finne ut korleis norsk perfektum vert omsett til russisk. I det interaktive programmet RuN-It (Russian-Norwegian interactive translation) kan studentane òg skrive inn egne omsetjingar, som blir sjekka mot fasiten i RuN-korpuset. I tillegg registerar RuN-It vanlege feil som studentane gjer, seier Grønn, som er leiar for prosjektet «RuN – Where Russians meets Norwegian-languages at the interfaces».

Universitetet i Oslo (UiO) har samarbeida med humanistiske fagmiljø ved universitetet i Murmansk. Sjølv om prosjektet vart avslutta med det gamle Russlandsprogrammet i 2010, har UiO fått eit godt grunnlag for å fortsetje å jobbe med databasane, og Grønn håpar å bruke dei i flere tiår framover.

– Vi har brukt mykje ressursar på dette arbeidet, og utan støtte frå Russlandsprogrammet hadde det ikkje gått. Vi har i tillegg hatt ti-tolv russiske partnarar som har omsett tekstar for oss.

Programma skal brukast aktivt vidare på UiO, og språkkorpuset vert no utvida med mellom anna polsk, italiensk og fransk. Desse verktøya har òg vakt interesse hos utanlandske universitet.

– Vi ser at resultatata av arbeidet vårt er nyttig for både undervisning og forskning. Alt er på plass, no vil eg teste ut programma i undervisninga til hausten. Tanken er å leggje omsetjingsprogrammet ut til fri bruk, seier Grønn.



Profilering av Noreg som studie- og forskingsland

SIU jobbar saman med institusjonane for å skape eit godt omdømme for norsk utdanning og forskning. Gjennom profileringsarbeidet ønskjer SIU å bidra til å heve kvaliteten i norsk UH-sektor og til å gjere institusjonane til attraktive samarbeidspartnarar internasjonalt. I 2010 gjennomførte SIU for andre gongen ei erfaringsundersøking blant internasjonale studentar i Noreg. Undersøkinga vil verte ein viktig reiskap i profileringssatsinga i åra framover og gjev eit godt bilete av korleis dei internasjonale studentane sjølve opplever norsk utdanning.

Nettportalen [studynorway](http://studynorway.no) er vårt viktigaste verktøy og mest brukte informasjonskanal. Nettstaden har vore på lufta i over fem år og har opplevd ein kontinuerleg og klar vekst i besøkstala. I 2010 var

over 380 000 unike brukarar innom nettstaden. Aktiviteten var høg også på Study in Norway si Facebook-side. Rundt 1500 brukarar er knytta til profilen, og mange nyttar seg av moglegheita til å få svar på spørsmål om studier i Noreg. Facebook-sida fører også til auka trafikk på studynorway.no.

SIU sitt profileringsarbeid går føre seg i samsvar med strategiske prioriteringar av geografiske område og fagområde som er viktige for Noreg. Desse prioriteringane ligg til grunn for deltaking på ulike internasjonale messer og konferansar og produksjonen av informasjonsmateriale. Hausten 2010 koordinerte SIU deltaking på studentmesse i Canada og ein delegasjonsreise til kanadiske institusjonar for å etablere samarbeid innafør lærarutdanninga.

Informasjon og kommunikasjon

I informasjonsarbeidet legg SIU stor vekt på tydeleg målgruppeorientering, klare budskapar og god samanheng mellom dei ulike informasjonstiltaka. Desse tiltaka femnar om kurs, konferansar, rapportar, mediekontakt, ei rekkje publikasjonar og ikkje minst internett, som er den aller viktigaste kommunikasjonskanalen for SIU.

Dei nye nettsidene (www.siu.no) vart lansert i desember 2010 og inneber ei klår forbetring av informasjonen på nett. Sidene er tilpassa dei ulike målgruppene, og det er no enklare for brukarane å finne relevant informasjon. SIU har i 2010 jobba vidare med informasjon i sosiale medium som Facebook og Twitter.

SIU gjev årleg ut fire magasin som står heilt sentralt i informasjonsarbeidet. Global Knowledge, Europavegen, Itinera og Eurotrigger vender seg til ulike målgrupper og bidreg på ulike måtar til å motivere til internasjonalisering, og til å reflektere over kva internasjonalisering innan utdanning og forskning er og kan vere. Magasinet Eurotrigger, SIU sitt Erasmus-magasin, er tett knytta til nettstaden www.studeritlandet.no og dei to profilane på Facebook: Erasmus Norge og Studeritlandet.

Kompetansebygging

SIU har som målsetjing å vere et eit kompetanseorgan innan internasjonalisering for norske styresmakter og utdanningsinstitusjonar. Frå 2010 er SIU sitt mandat utvida til å femne om alle utdanningsnivå, grunnopplæringa medrekna.

Som eit ledd i arbeidet med å styrkje kunnskapsgrunnlaget for SIU som kompetanseorgan, er det innleidd samarbeid med søsterorganisasjonar i andre land. Innan utgreiing og analyse er det sett i gang samarbeid med søsterkontor i dei nordiske landa. Føremålet med samarbeidet er mellom anna å utvide perspektivet på internasjonalisering, og leggje betre til rette for komparative studiar. Det er starta eit arbeid med å vidareføre og samkjøre analysar av mobilitetsproblematikk i eit nordisk perspektiv. Vidare er SIU ein av initiativtakarane til eit europeisk nettverk med bistandsfinansiert akademisk samarbeid som tema, der vekta mellom anna ligg på harmonisering og utveksling av erfaringar og praksis.

I høve til grunnopplæringa har det i 2010 vore lagt vekt på å systematisere, vidareutvikle og formidle kompetanse til relevante målgrupper. Dette arbeidet har mellom anna resultert i ei handbok i internasjonalisering for skule og opplæring, og nettsider retta mot dei same målgruppene er under utarbeiding. I tillegg har SIU vore aktiv med å bygge nettverk og å søkje tilgang til ulike nasjonale arenaer og fora.

I 2010 har SIU arrangert og/eller delteke i ei rekkje ulike arrangement i inn- og utland. Dette er viktige kanalar til formidling av kompetanse og kunnskap, og dekkjer tema frå det programspesifikke til ulike sider ved internasjonalisering på eit overordna, strategisk nivå.

Rådgeving, utgreiing og service

I 2010 har SIU utført fleire spørjeundersøkingar, utgreiingar og analysar. Det er levert ei rekkje innspel og fråsegner, anten tinga av Kunnskapsdepartementet eller utført på eige initiativ. Felles for alle er at dei skal bidra til å gje nasjonale styresmakter best mogleg grunnlag for utforming av politikk og verkemiddel knytt til internasjonalisering av utdanning, grunnopplæringa medrekna. Mykje av dette er knytt til oppfølging av St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*. Dette arbeidet handlar i stor grad òg om å styrkje kunnskapsgrunnlaget for SIU som kompetanseorgan. Den årlege rapporten om internasjonalisering i høgre utdanning søker å gje eit bilete av internasjonaliseringsarbeidet ved institusjonane, til dømes ved å vise til institusjonane sine strategiar og deltaking i program som SIU forvaltar. Rapporten skal vere til hjelp for KD i dialogen med institusjonane, men vil òg kunne vere interessant for institusjonane sjølve.

Mobilitet har vore gitt mykje merksemd i 2010 òg. Den årlege mobilitetsrapporten med oppdatert statistikk og analysar av trender, vart publisert for fjerde gong. Vidare har SIU publisert ein rapport om barrierar og motivasjonar knytt til mobilitet blant studentar på bachelor- og masternivå, medan mobilitet blant ph.d.-kandidatar er under utgreiing. Andre felt er òg gjenstand for utgreiing, til dømes praksis for godkjenning av delstudiar i USA ved norske universitet og høgskular, og utdanningsamarbeid i form av fellesgrader.

I høve til grunnopplæringa er det mellom anna gjort ei kartlegging av strategiar for internasjonalisering i den vidaregåande skulen. Rapporten gjer greie for deltaking i program forvalta av SIU, og seier noko om særlege utfordringar for denne delen av sektoren. SIU har òg vore med på å førebu stipendordninga i EØS-midlane for perioden 2009-2014, mellom anna i form av utkast til nye retningslinjer.



SIUs tre v'ar

Visjon

SIU gjer Utdannings-Noreg internasjonalt.

Verksemdsidé

SIU skal vere Noregs kompetansesenter for internasjonalisering og skal gjennom sine aktivitetar medverke til kvalitetsheving av utdanning og forskning.

Verdiar

Kunnskapsrik
Handlekraftig
Hjelpsam
Engasjert
Mangfaldig

Organisasjon

2010 har vore prega av stor aktivitet i SIU sin drift, og utan endringar i organiseringa. Talet på fast tilsette er 64 ved inngangen og utgangen av 2010. Talet på vikarar og prosjektilsette har auka i løpet av året. Mange nye tilsette har ført til at SIU har prioritert kompetansetiltak innan forvaltingsrett, kor alle tilsette har delteke. Støtte til etter- og vidareutdanning er òg prioritert. Kompetansetiltak er særskild viktig i ei kompetanseintensiv verksemd som SIU, både for å rekruttere og for å halde på dyktige medarbeidarar.

Førebels har ikkje avtalen om inkluderande arbeidsliv, IA-avtalen frå 2009, ført til lågare sjukefråvere. Målet om å behalde tilsette i arbeid som kunne ha valt AFP, er nådd. SIU opplever NAV som ein god støttespelar i arbeidet med å utvikle og nytte aktivt den enskilde arbeidstakarens sine ressursar og arbeidsevne.

Kontinuerlig kvalitetsbetring

Hausten 2009 vart SIU sertifisert etter ISO 9001:2008-standarden. Arbeidet med kontinuierlig betring har halde fram i 2010 mellom anna med kvalitetsrevisjonar og utvikling av rutinar og handbøker. Bruk av måleparameter og kvalitetsmål fører til betre måloppnåing og kvalitet i SIU sine tenester. Risikostyring er innarbeid i alle arbeidsprosessar.

Helse, miljø og tryggleik er viktig i kvalitetsarbeidet vårt og ein prioritert del av alle aktivitetar. SIU sitt verdigrunnlag står òg sentralt i kvalitetsarbeidet. Gjennom eit aktivt tilhøve til våre eigne verdiar får kvalitetsomgrepet innhald.

SIU er i slutfasen for gjennomføring av strategien for perioden 2008-2011, og visjon, verksemdsidé og verdiar ligg fast.



B

NORGE P.P. PORTO BETALT



RETURADRESSE:

SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØGRE UTDANNING

TLF: 55 30 38 00 FAKS: 55 30 38 01 E-POST: SIU@SIU.NO

ADRESSE: POSTBOKS 1093, 5811 BERGEN

BESØKSADRESSE: VASKERELVEN 39, 5014 BERGEN WWW.SIU.NO

